

DET INTERKOMMUNALE HJORTEVILTUTVALET

Styre leiar: Dagfinn Torstveit

Karmøy Kommune
Haugesund Kommune
Sveio Kommune
Bokn Kommune
Tysvær Kommune
Vindafjord Kommune
Sauda Kommune
Suldal Kommune
Etne Kommune

13.2.17

FORVALTNING AV HJORTEN PÅ HAUGALANDET

Det interkommunale Hjorteviltutvalet består av representantar frå Karmøy, Haugesund, Sveio, Bokn, Tysvær, Vindafjord, Sauda, Suldal og Etne kommunar.

Hjorteviltutvalget er eit rådgjevande organ som årleg skal følgje med på tilstanden til hjorteviltet på Haugalandet. Viktige data for å vurdere tilstanden på stamma er blant anna fellingsstatistikkar, varteljning og utfylte sett hjort skjemaer som jegerane fyller ut når dei er på jakt.

Hjorteviltutvalget står i nær kontakt med vår fremste fagkompetanse på Hjort, Norsk Hjortesenter på Svanøy. Me lyttar godt etter kva fagkompetansen seier om data som er innhenta om hjortestamma vår. Dei innspel dei kjem med tek me på alvor.

Det er grunn til å tru at hjortestamma på Haugalandet nå er relativt stabil. Det er sjølvsagt vanskeleg å sei noko sikkert tal på antall individer. Men, det er grunn til å tru at vinterstamma av hjort er på omlag 10 000 dyr. Det er omlag like mange dyr som vinterstamma av reinsdyr på Hardangervidda. Hjortestamma representerer såleis store verdiar, og det er viktig at me forvaltar den godt.

Mykje tyder på at me burde hatt fleire større bukkar i hjortestamma vår. Det ville gje større kalvar om våren, samt at det er store naturopplevingar å høyre hjorten brøle om hausten. Det er og slik at dei store hannhjortane er med å halde større hjorteflokkar samla. Når dei vert skotne så kan hjorteflokken gå i oppløysing og spreie seg til andre stadar. Slik stoda er nå vert det nesten ikkje skote bukkar som er eldre enn 6-7 år. Dei vert i stor grad skotne før dei vert eldre. Når me veit at ein bukk er på topp mellom 6-10 år så vert dette feil avskyting. Fagkompetansen hjå Norsk Hjortesenter meiner at den beste og enklaste vegen for å få fram fleire større bukkar er å skyte færre spissbukkar. Derved vil det automatisk bli langt fleire bukkar som blir eldre.

Hjorteviltutvalet har drøfta saka og kome fram til, mot ei stemme, at me vil rå kommunane til ved tildeling av løyve for komande år å redusere avskytinga av spissbukk med 50%. Dei løyvene som blir til overs ved reduksjon av uttak av spissbukk, kan ein overføre til meir uttak av kalv.

Med Helsing

Dagfinn Torstveit
Leiar det interkommunale hjortevaltutvalet

Vedlegg:

Fellingsstatestikk for 2016